



Prostidiakonen
I VEST-TELEMARK



DEN NORSKE KYRKJA

Kviteseid sokn



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkja i Tokke



DEN NORSKE KYRKJA

Fyresdal sokn



DEN NORSKE KYRKJA

Nissedal sokn



DEN NORSKE KYRKJA

Vinje kyrkjelege fellesråd

Årsrapport for Prostidiakonen i Vest-Telemark 2025

Tre tesar om diakonien i Vest-Telemark – og ei undring

1. Diakoni som små, verdfulle fellesskap

Diakonien i Vest-Telemark viser verdien av dei små møta mellom menneske. Ho står som ein motkraft til det store og prangande, og minner om at fellesskap på to eller tre kan vere nok. Sorggrupper, samtalegrupper som *Kvileplassen*, enkemannsgrupper og små samlingar rundt bål eller i bygdene har verdi nettopp fordi dei er små, nære og trygge. Det viktigaste er ikkje talet på deltakarar, men at nokon blir sett, invitert og møtt.

2. Behovet for større samlingar innimellom

Sjølv om små fellesskap er grunnmuren, treng diakonien også «toppunkt» – større samlingar som gir inspirasjon, utsyn og kraft. Slik Jesus tok tre læresveinar med opp på Forklåringsfjellet, treng også diakonien sine høgdepunkt: diakonisamlingar, verdiseminar, felles sorggrupper, pilegrimsvandringar og samarbeid på tvers av kommunar. Prostidiakonstillinga gjer det mogleg å samkøyre tiltak og skape større fellesskap når det trengst. Men likevel vil alltid det lokale gudstenestelivet vera sjølv hjarte i diakonien.

3. Diakoni krev friksjon – rørsle ut i livet

Diakoni skjer ikkje om kyrkja held seg innanfor eigne veggjar. Friksjon – møtet med folk, kvardagsliv og utfordringar – skapar relasjonar og gjer diakonien levande. Det er slik dei frivillige ressursane dukkar opp. Kaffiavtalar på bensinstasjonar, nærvær i lokalsamfunnet, samtaletenesta og konkrete handlingar er avgjerande. Slik har det vore sidan dei første kristne sende diakonar ut til dei sjuke, fattige og marginaliserte. Gjennom Diakoniatet i Vest-Telemark har diakonen eit fagleg ansvar for å bringe desse erfaringane tilbake til kyrkjelydane og setje dei lidande i sentrum. Dei som har det verst skal ha møte god og uthaldande kompetanse.


4. Ei undring: Kyrkja si rolle i samfunnsberedskapen

Trass i at Den norske kyrkja i Vest-Telemark er ein stor samfunnsaktør innan krise og sorgfeltet er ho lite synleg i kommunane sine beredskapsplanar. Med sin store frivillig sektor, vel 20 kompetansearbeidsplassar med prestar, kyrkjjetenarar, kantorar, ein diakon og så vidare, er me ein institusjon å rekne med.

– Beredskap er et nøkkelord i vår tid. Da er det viktig at vi ser beredskap som mer enn forsvarsverk, våpen og beredskapslager i kjelleren. Beredskap er også helt grunnleggende fellesskapsbygging, over et felles verdigrunnlag. Derfor er tros- og livssynsfeltet også en umistelig del av beredskapen. (Professor i diakoni, religion og samfunn ved MF-vitenskaplige høyskole Sturla Stålsett i VL 26.12.25)

Diakonien er ein del av kyrkjias samfunnsarbeid, og vil gjerne bidra til verkeleggjere den diakonale visjonen: Å gjere Vest-Telemark til ein varmare stad å bu». Stålsett minner om at beredskap ikkje berre handlar om våpen og beredskapslager, men om fellesskap, verdiar og livssyn – noko kyrkja bidreg sterkt til. Spørsmålet som står att, er korleis kyrkja kan bli tydelegare rekna som ein del av samfunnsberedskapen.

Denne årsrapporten handlar om det diakonale arbeidet innan sokneråda/fellesråda i Nissedal, Fyresdal, Kviteseid, Vinje og Tokke som Prostidiakonen har ansvar for. Det gledeleg er at dette arbeidet er det minste av den diakonale aktiviteten i Vest-Telemark. Det meste vert driven fram av frivillig. Men for førti år sidan fekk Vest-Telemark landets første



prostidiakon, (VT-modellen i diakoni) ein fagperson til å leie arbeidet.

Dei to første sidene av årsrapporten er eit samandrag av diakoniåret 2025. Over finn ein nokre nøkkeltal, og så får vidare lesing bli på eige ansvar.

Eit lite bål på solsnudagen 21.desember 2025, på Tangane på Dalen, betrar ikkje den mørke klimastoda, men det held meg fast i vona om at me skal forstå kva som er i ferd med å skje, og at desperasjonen tvingar oss

handling. Bilde frå Møsstrond på palmesundag, kan vere unnatak, men er er redd det er regel. Ordet desperasjon, har i rot ordet esperanza, some er håp på spansk.

Takk for mykje godt samarbeid! I kyrkja så vel som i samfunnet!

Eilev Erikstein Prostidiakon i Vest-Telemark 31.01.25 (91113580)

Ein død kollega ved Vinje kyrkje, og ein levande prostidiakoni.



Degn, står det på ei gravstøtte ved Vinje kyrkje.

For ein som saknar nære diakonkollegar og er stort sett aleine som fagperson i dei fleste samanhengar, er det godt å ha ein kollega sjølv om han er død. Den gamle dekn Herjus Huvestad (1758-1843) er det første teikn av diakonstilling eg veit om i Vest-Telemark.

Degn er ein form av det latinske diaconus.

Ein dekn tok seg av mykje av det lokalt kyrkearbeid.

Diakonien er like gamal som kyrkja, men som organisert fagteneste her hjå oss må me tilbake førti år. Då skapte framsynte kyrkjefolk med gode overtalingsevner til ei eiga diakonstillinga for Vest-Telemark prosti. Ved sidan av degnen, var det alt nokr fagdiakonale spor.

Under Tokke-utbygginga(1950-60 talet) fans det ein anleggsdiakon i Arabygdi, og samstundes eit prosjekt som heitte Diakonatotet i Lårdal, som prøvde å få ein diakon til drive heimesjukepleie i bygda. I Rauland dreiv diakon Helge Helganger sjukeheimen, og i Seljord vart den ein soknediakon nokre år midt på 1980-talet, medan kyrkjelyden i Treungen hadde tilsett ein diakon i 20 prosent stilling.

I 2025 feira me landets første prostidiakonstilling på ulikt vis. Med markering i Nissedal kyrkje på vigslingsdagen for landets fyrste prostidiakon Per Emanuelen (10.januar), med Diakonisamling i Vinje med bokpresentasjon: «Å gjera Vest-Telemark til ein varmare stad å bu.».



I august var det samling for landets prostidiakonar på Haukeli, og i november Verdiseminar med tema: Å gjera verda litt betre!



Praksis er det ein gjer

Hausten 1986 var eg i praksis hjå prostidiakon Per Emanuelen i Vest-Telemark prosti. Eg var nett ferdig sjukepleiar frå Diakonhjemmet, og i mangel av klare planar vidare, tok eg like godt diakonåret. Det var spesielt tre- fire ting eg lika ekstra godt med det Per gjorde.

1. Skrivning i Vest-Telemark Blad
2. Arbeid som fengselsdiakon i skogsleirane
3. Arbeid med gjere ting saman med andre, til dømes gleder over gudsteneste.



4. Krise-arbeid og samtaler med folk.

Fyrste januar 1991 tok eg til som prostidiakon i Vest-Telemark til. Her er eg enno. Framleis har eg mykje av dei same gledene i arbeidet. Men og mange nye.

Sjå-bedømme- handle.

Frå 2026 skal all diakonal aktivitet samlast i Kirka vår, eit dataverktøy for å samle soknets tiltak og planar. Rapportering gjev grunnlag for tilskot til diakonstillingane.

I november kom denne meldinga frå Kyrkjerådet: *For at et kirkelig fellesråd skal motta tilskudd til diakoni fra bispedømmerådet i neste år, må soknenes planlagte diakoniaktiviteter være registrert i Kirka vår innen 31. januar 2026.*

Sjå-bedømme-handle, er den faglege modellen diakonien i vår kyrkje bygger på. Somme vil kjenne han att som sjukepleieprosessen andre som metoden for sosialt arbeid. Så kan ikkje alt planleggast, kriser skjer. Kyrkja og ikkje minst diakonien må kunne snu seg fort rundt. Vere vaken for den aktuelle nauden. Så vil tida vise om den faglege diakonien vert svekka av vekta



på aktivitet? Kan teljinga kome til bli viktigare enn at ein får vigsle personale med kurrant fagbakgrunn på plass?

Bilde: Mange kom på årets Diakonisamling på Vinjehuset sundagen etter påske.

Ein modell som krev solidaritet.- Gje meg nokre grunner til å me skal satse på Vest-Telemark modellen i diakoni sa ein prost eg møtte på ei kurs. Eg syntest sjølv eg kom opp med mange gode punkter.

- 1.Fag møter grasrot og villige hender
- 2.Samkøyring og fellesopplegg
- 3.Slentre utan kontor- sokalla diakonalgang.
- 4.Informasjon og fagutvikling
- 5.Nær- men ikkje for nær?
- 6.Synergieffektar

Men prosten såg skeptisk på meg over brilleglasa, og sa: - Her trengs det mykje tru og solidaritet. Det er vel det Vest-Telemark har hatt i desse 40 åra med prostidiakon, tenkte og føydde inn eit punkt 7:

Solidaritet

Bli med her! Bli ein kropp for nokon!

Mykje diakoni kan kokast ned til ei setning; Bli med her! Det finnes mange døme på at dette enkle utsegna har endra liv, og drege menneske inn i fellesskap. Eit kjapt oversyn over frivillige knytt til diakonien gjennom diakoniutval, matkasseutval, pilegrimsmedhjelparar og frivillige på Kvileplassen blir talet vel 50 stykk.

Kunne jeg være et medmenneske? Og hva er det? Er det å stille spørsmål? Er det å si ting som en tror det er? Er det å være til stede? Være en kropp for noen? Men vil du ikke si at å hjelpe andre, også handler om å overgi noe av seg selv, var det en dame som sa. (Orda vert uttala av diakon Tomas i boka Sjelesorg av Dag Johan Haugerud, Oslo 2025)

Pilegrim er ein som finn fram til seg sjølv og andre.

Med på årets Vandring For Forandring var 14 menn som alle hadde mista nokon i sjølv-mord.

[Pilegrimsvandring for menn som har mista nokon i sjølv-mord: – Me har ein vond fellesnemnar](#) Ny vandring med Markering av Verdsdagen for Sjølv-mordsforebygging er alt lagt ut: [Vandring for forandring 2026 - RVTS Sør](#)



Pilegrimsvandringar er så mangt. Men det er heilt klart det tema som etter kvart vert forbundet med diakoni. Det er fint fordi det er mykje diakoni i vandringar som «Å vandre med håp , Vandring for Forandring og vandringane med Kvitsund og ei dags vandring frå Svandalsflona til Røldal i samarbeid med Øvre Telemark prosti og Agder og Telemark bispedøme. I år var eg også med Kristiansand Folkehøgskule med siste dagen til Røldal. Ein annan, men vel så sann pilegrimsvandring er markering av FN's flyktningsdag. Sidan 2017 er dagen markert i Vest- Telemark. I år i skjedde det i Vrådal i saman med Smaken av Fjell Telemark med Sigrid Tellefsen

som primus motor, i samarbeid med Flyktningsnestene i



Nissedal, Seljord, Kviteseid, og Sanitetslaget i Vrådal. Ei ekstra glede var at Transportutvalet i Telemark fylke løyvde 50 000 til transport til Å vandre med håp. Årets vandring starta med ein politiske debatt om tilboda innan psykisk helse, i eit samarbeid mellom Vest-Telemark Blad og diakonen:

[VTB-TV: Her kan du sjå den politiske debatten som var før pilegrimsvandringa starta. Tema: Psykisk helse](#)

Matkassediakoni

Takka vera handslag frå private så vel som kommunar let det seg gjere, og halde fram med tradisjonen med å dele ut matkasser til jul. Dei årlege ofringane til Diakonatotet frå kyrkjelydane, er også til hjelp for finansiære mathjelpa. I det sist kommunestyremøte før jul løyvde Vinje kommune igjen 50 000 kroner til slik hjelp. Det er me takksame for, og ser det som eit uttrykk for tillit og tru at kyrkjas diakoni har den naudsynte kompetansen til å vurdere hjelpetongen. Til å hjelpe meg med dette oppdraget har eg ei Støttegruppe med eit medlem frå kvar av dei fem samarbeidskommunane. Som diakon er det fint å få reise rundt med dette handslaget frå kyrkja og diakoni. 22 matkasser vart delt ut til jul, i tillegg til dei 10 som er delt gjennom året. Likevel er det ein bismak i det heile. I matposediakonien ligg det også ein kritikk av samfunnet. Målet må vera at våre velferdsordningar i størst mogeleg grad hindrar at folk blir avhengige av slik hjelp. Nytt av året er eit samarbeid med Fredheim i Kviteseid og Frivilligsentralen i Nissedal til formidle tilbodet.

Ein ting eg ikkje har fått gjort noko med.


I sist rapport skreiv eg;» Nærvær – og vaketeneste i sjukeheimar og i heimesjukepleia, er absolutt verdt å sjå nærare på. I framtida kan me kome til å mangle folk som kan sitte hjå døyande. Det kan vera ein føremon at denne frivillige tenesta går over fleire kommunar, gjerne heile nedslagsfeltet til Diakonatotet.»

Dette har eg ikkje kome vidare med. Saman med dette kjem også utfordring til kyrkja og resten av samfunnet: Korleis bli meir demensvenleg?

TEMAKVELD NESLAND KYRKJE

I samband med verdsdagen for psykisk helse inviterar diakoniutvala i Tokke og Vinje til temakveld i Nesland kyrkje tysdag 07.10.25 kl. 18.00. Tema: «Ver budd om psykisk beredskap». **VELKOMEN!**





Det er mange stader eg er glad i Vest- Telemark.
 Men eg må innrømme at min favoritt stad ligg utanom Vest- Telemark, og er heller inga kyrkje. Det er den gamle vegtunnelen i Dyrskar, frå 1900.
 Tunnelen er mørk og litt skummel, men på sida er det eit hol i tunnelveggen.
 Me gjeng gjennom han på veg til pilegrimsålet Røldal.
 Lys siv inn frå sida. Lys som gjer at ein ser nok til å kome gjennom.
 Slik tenker eg også at menneske kan fungere for kvarandre. At me er slike som gjev nok lys til kvarandre slik at dei finn veg i mørkeret.

Meiner at det er det me kallar *medmenneske*.

Gjennomslag

«Kan du se lyset i tunellen?»

For et spørsmål!

Det er da ingen tunell

Et hull rett inn i svarte fjellet

Hundrevis av meter oppover



Et ukjent antall meter innover

Stein og atter stein

Er hva det er.

Hvor skulle lyset komme fra?

Me-

Hvordan kan jeg vite sikkert?

Jeg har møtt veggen,

Den solide veggen.

Det er så.

Men kan jeg vite

Ett hundre prosent sikkert

At ingen jobber

Fra den andre siden?

Jeg lytter etter slag

Men hører ingen

Selv makter jeg ikke

Gjennomslaget-

Redd for å bli sikker

Bare stein, ingenting annet-

Reddere kanskje for å se

Den siste veggen splintres

Du på den andre siden

Hvis du er der

Og hvis det er en vegg som skiller oss

Ta deg av gjennomslaget!

(Johanne Schwartz 1931-96)

Arbeidsområde.

Oppretting og oppfylging av diakoniorgana i kyrkjelydane i Tokke, Vinje, Nissedal.

Det er no diakoniutval i Tokke, Vinje, Nissedal, Kviteseid og Fyresdal. Utvala har ansvar for blomhelsingar, helgemesse og diakonidagar. Så vidt eg oversyn over har desse sokna har



oppdatera Diakoniplanar; Vinje/Nesland, Kviteseid, Fyresdal og Nissedal. Rett før jul starta eg med medarbeidar-samtaler med leiarane av diakoniutval. Til no er to gjort unna, tre står att.

Forkynning og undervisning om diakoni. Dette skjer gjennom gudstenester (18), diakoniundervisning for konfirmentar, kursverksemd, diakoniutval- og soknerådsmøte og diakonispalta i Vest Telemark Blad, og gjennom podkasten «Diakongang.»



Opplæring og utdanning av frivillige medarbeidarar. Så godt som råd blir det prøvd å følgje opp dei friviljuge. Målet er at dei ein eller annan gong gjennom året, får ei rose. Diakonisasmlinga for Vest-Telemark er eit årleg og godt samling. Ei slags familiesamling for diakoniinteressera. I år var Vinje/Nesland sokneråd (bilde) vertsskap

for Diakonisasmlinga. Diakoniprisen gjekk til den fyrste prostidiakonen i Vest-Telemark Per Emanuelsen, Kristiansand. (74)

Samarbeid med sokneråd og kyrkjelege tilsette.

Samarbeidet skjer på mange felt. Mellom anna gjennom møte med sokneråd og diakoniutval. Eg har møtt diakoniutvala i Nissedal, Kviteseid samt sokneråda i Vinje/Nesland, Nissedal, Eidsborg/Mo og Skafså. Elles delteke på stabsmøter i Tokke og Vinje, og eitt konvent med prestane i Vest-Telemark. Verdiseminaret i Vinje vart halde for 22. gong, og er ein god arena for ta opp viktige saker. I år var tema: Å gjera verda litt betre!



Arbeid med å styrke fellesskap og opprette omsorgsgrupper.

Sist år har eg hatt ei "Gå vidare - gruppe" i Åmot. (2 gonger med 9). Grunna alder på deltakarane vart denne gruppa avslutta på vårparten. Men nye formar for sorgarbeid har kome til. Så som Kjeks og ost på Bedehuset i Treungen. Det er frivillige som inviterer til ei uformell samling ut frå sin kunnskap om kven som har mista nokon i det siste. I samarbeid med prest og kyrkjevevje i Fyresdal er det starta ei Sorg- lunsj på kyrkjekontoret.

Ei felles sorggruppe for Vest-Telemark vart avslutta i vår, og ei blir starta i 2026. Deltakarene her kom frå Kviteseid, Seljord og Vinje. Takka vere ein mann som hadde mykje vaffelrøre, er det starta ei Enkemannsgruppe i Kviteseid. (Tre samlingar med 11 deltakarar.)

På Kvitsund held den gamle tradisjon med «Guys-group» fram (2 gonger med 6 deltakarar). Samtaletilbodet til pårørande til menneske med demens held fram.

«Kvileplassen» i Tokke er halde tre gonger med 10 deltakar. «Kvileplassen» i Nissedal i samarbeid med Frivillig- sentralen. (6 gonger med 24 deltakarar). Samarbeidet med demenskoordinator Marianne Eriksen i Vinje held fram. Eg har delteke på tre slike pårørande samlingar (20 deltakarar). Ved to høve har eg også vore med Midtsundtoppen Dagsenter i Kviteseid på tur.

Diakon ved DPS i Seljord. Men no er den tenesta over.

Sidan 2010 er prostidiakonen hyra inn får gje diakonale tenester til DPS i Seljord. Mi teneste ved DPS handlar om samtaler og Livssynsgruppe gjennom treff-tider ca. annankvar veke. Talet på samtaler er 20, og det er halde 7 gruppesamlingar (Livssynsgruppe) med 16 deltakarar. For personalet har eg leiar fire Etske-Refleksjonsgrupper. (22 deltakarar)



Frå 18. desember 2025 finns ikkje DPS Seljord meir. Førte år med fagleg kvalitet og varme er over. Dette er eit stort tap for dei som lir mest innanfor psykisk helse. På mi netthinne har eg enno fakkeltogt rundt DPS ein regnfull oktober kveld. DPS gjekk ned med flagget til topps!

Så var det og ein fantastisk oppleving av at heile Vest-Telemark tok på seg

boksehanskane for eit gruppe som ikkje har så mange som kjempar for de.

Gje hjelp til menneske i akutte og vanskelege livssituasjonar. Jamt over tredje kvar veke kjem det nye kontaktar. Elles er det uttrykkingar i samband med arbeid i krisegruppene. To til Kviteseid og eit til Fyresdal. Frå i haust fungerer undertekna som leiar av det Psyko- sosiale kriseteamet i Kviteseid. Grunna svangerskapspermisjon.



Stoff til kyrkjelydsblad, radio og nettstader Diakonispalta i Vest

Telemark Blad er ein fin måte å få ut diakonale drypp på. (49). I Telemark Tidende i Telemarksavisa har eg ei spalte (37). I samband med Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp får me disponere tre avissider i VTB. Prostidiakonen har Facebook-side. No er det 1,5 K som likar ho. Elles prøver ein så godt ein kan å gje formidle stoff til avisene og NRK. I Vest- Telemark Blad har det og stått kronikkar knytt til påske, pinse, Helgemesse og jul. I 2019 blei

podcasten «Diakongang» lansert. Ved årsskiftet er dei lasta ned 5955 gonger. Sju nye episodar er er lagt ut dette året. [Diakongang | Podcast on Spotify](#)

Ha kontakt med offentlege sosialteneste og humanitære organ. Prostidiakonen er med i dei Psyko-sosiale kriseteama i Nissedal, Vinje, Tokke og Kviteseid og Fyresdal. Elles er det gjennom året vore kontakten med Vest-Telemark Rådet, ulike skular, NAV, barnevern og KVITO. Ved ulike høve er eg som diakon involvert i debriefing etter kriser og ulukker. Dette har vore aktuelt både i Tokke, Fyresdal og Kviteseid. Ei store glede er samarbeidet med psykisk helse i dei seks Vest -Telemark kommunane, KVITO og DPS) om ”Å vandre med håp”. Vandringa vart gjennomført for 17. gong. Eit positive og viktig verv er det også å vera med i Brukarutvalet for NAV- Vest-Telemark og Brukarutvalet for NAV- Vestfold og Telemark. I samband med ei veke om Psykisk helse på Vest-Telemark Vidaregåande var eg invitert til å ha alle elevane innom ein bålprat i atriets.

Sidan 1985 har Vest-Telemark hatt Prostidiakon. Prostidiakonen i Vest-Telemark er eit samarbeid mellom sokneråd og kyrkjelege fellesråd i Tokke, Vinje, Nissedal, Kviteseid og Fyresdal. Pengane til stillinga kjem dels frå dei samarbeidande partane og Agder og Telemark bispedømeråd. Diakonaten har eit valt styre. Ved fyrste møtet etter årsmøtet overtok Asgeir Sele leiarvervet etter Gunnar Øverland. Tokke kyrkjelege fellesråd er vertsfellesråd, har arbeidsgjevaransvar og fører rekneskapen. Dalen er kontorstad for prostidiakonen.

Tal og arrangement felles for Tokke, Vinje, Nissedal, Fyresdal og Kviteseid.

Tre styremøte i Prostidiakonatet. Ansvarleg for Diakonisamlinga for Vest- Telemark i Fyresdal. Ansvar for Diakonispalta og Fasteaksjonsidene i Vest-Telemark Blad. Prosjektleiars for den tre dagars pilegrimsvandringa til Røldal med namnet ”Å vandre med håp. Medlem av Brukarutvalet for NAV- Vest- Telemark (3 møte).Saman med kyrkjekontora i Tokke og Vinje ansvarleg for Kyrkjias deltaking på Yrkesmessa på Vest Telemark Vidaregåande skule.



Prosjektansvarleg for Vandring for Forandring (Pilegrimsvandring for etterlatne menn) i med RVTS Sør, LEVE ,Øvre Telemark prosti og Agder og Telemark bispedøme (14 deltakarar).Med på å organisere markering av FNs Internasjonale Flyktningdag, i år i Vrådal, saman med Smaken av Fjell

Telemark. Undervist om Fasteaksjonen på konfirmanttreff i Bø. Delteke ein dag på stand for Kirkens SOS på Dyrsku'n i Seljord. Saman med prost Asgeir Sele ansvarleg for Ein-dags-pilegrimsvandring til Røldal 30. august. Saman med kommunane Fyresdal og Nissedal ansvarleg for ein kursdag for dei Psyko-sosiale kriseteam i Vest-Telemark. Delteke på eit sonemøte med prestane i Vest-Telemark. Delteke på fagdag for alle faggrupper i Øvre Telemark prosti om Kirka vår.

Aktivitet i dei einskilde fellesrådsområda.

Vinje. Tre stabsmøter. Leia ei Gå - Vidare gruppe (2 samlingar med 9 deltakarar. Delteke på



påskegudstenester på Vinje Helsesenter og Nordheimstunet. Ansvarleg for

Verdiseminaret: Å gjera verda litt betre!

Vore med konfirmantane på

pilegrimsvandring Rauland (2 samlingar)

og Vinje (1). To soknebod. Delteke

Litteraturgudstenesta i Vinje kyrkje samt

arrangert Kyrkjevandring og kyrkjefrukost

til Litteraturmessa. Delteke i gruppe for

pårørande til menneske med demens. Delteke på eit soknerådsmøte for Vinje/Nesland.

Delteke på Solidaritetsgudsteneste for Fasteaksjonen i Grunge kyrkje. Innleia på møte i

Sjukepleieforbundet i Vinje; Om å vera god nok. Undervist for Vinje Helse om Sorg og om

takling av vald. Vore med på eit Vekeslutt-møte på Bruli. Delteke på ein fagdag om krise-arbeid og sjølvmordsførebygging i regi av Vinje helse.

Diakoni handlar ikkje berre om ord eller gode intensjonar, men om konkret omsorg for menneske og samfunn.

Diakonien samanfatta i fire hovudområde:

1. Nestekjærleik

Å sjå og hjelpe menneske i naud – praktisk, kjenslemessig og åndeleg. Det kan vere å lytte, støtte, vitje sjuke eller hjelpe dei som står utanfor.

2. Inkludering og fellesskap

Å arbeide for at alle skal oppleve tilhøyrse og verdigheit, uavhengig av bakgrunn, funksjonsevne, økonomi eller livssituasjon.

3. Vern om skaparverket

Å ta ansvar for miljø og berekraft som ein del av kristent ansvar og omsorg for komande generasjonar.

4. Kamp for rettferd

Å stå opp mot urett, fattigdom og undertrykking – både lokalt og globalt – og gje stemme til dei som ikkje blir høyrde.

Kort sagt: Diakoni er kyrkja si teneste i verda, der trua blir synleg gjennom kjærleik, solidaritet og handling

Kviteseid: delteke på Diakonidag i Kviteseid kyrkje. Leia Helgemessegudstenesta. Vore med konfirmantane på pilegrimsvandring til Kviteseid gamle kyrkje. Andakt på to føremiddagstreff på Misjonshuset. I lag med lærar Hamish Moor på Kvitsund Gymnas leia ”Guys-Group” (2 gonger med 8 deltakarar.) To diakoniutvalsmøte og vore med på vegleiingskveld for Besøkstensta i Kviteseid. Delteke på Adventsfest for Lundenjordet arrangert av Diakoniutvalet. Delteke på Pilegrimsvandring med Kvitsund Gymnas (1 dag til Røldal.) Vore med Dagsenteret på Midsundtoppen på to turar. Delteke på Trygg i Vatn- dag



for Ungdomskulen i Kviteseid. Delteke på ei VIP-samlingar på Kvitsund. To soknebod. Medansvarleg for Vandring med håp i Vrådal- som er ei markering av FN's flykningdag i juni, og på førjulsamling for flyktningar på Straand Hotel (i regi av TIRU) og Yrkesmessa for flyktningar på Straand Hotel i regi av Smaken av Fjell-Telemark. Delteke på fire møter i Psyko- sosialt kriseteam, og som leiar av Psyko-sosialt kriseteam delteke på Beredskapsdagen i Fyresdal. Leia 7 gravferder i Kviteseid.

Teke initiativ til ei Natur-sorg samling i Kyrkjelavoen.

Leia Etisk-refleksjonsgrupper i Heimesjukepleia og KOS (5 samlingar med 33 deltakarar). Saman med Kviteseid Demensforening arrangert ei Pårørandesamling på Waldenstrøm.

Fyresdal Leia ei Etisk- Refleksjonsgruppe på POS (4 gonger med 13 deltakar). Leia ei pilegrimsvandring for konfirmantar. Saman med prest og kyrkjeverje drifta ei Sorg- lunsj gruppe (4 gonger med 17).Leia 5 gravferder/bisetting. Vore med på Solidaritetsgudsteneste med konfirmantane i samband med Fasteaksjonen. Deltek på Stabens julebord og møte med prosten om Samla plan. Eit soknebod. Delteke under Bispevisitasen i november. Leia ein Etisk-refleksjon på POS- under visitasen- med biskopen og følgje til stades.



Nissedal. Tre diakoniutvalsmøter/medansvarleg for Diakoniens Dag .Eit møte i Psyko- sosialt kriseteam. Saman med Oddrun Rekvik frå Diakoniutvalet og Frivillig sentralen ansvarleg for

Kvileplassen, gruppe for pårørande til menneske med demens (6 gonger 28

deltakarar). Medverka på

Solidaritetskonsert i Nissedal kyrkje regi

av Diakoniutvalet. Delteke på eitt

soknerådsmøte. Leia ei gravferd. Vore

på med Førebuing til Vaksenlivet med

10.klasse i Nissedal. Delteke på

bispevisitasen i november, og vore med

på prostens møte med staben om Samla plan. Delteke

på markering av Verdsdagen for psykisk helse og Eldredagen på Solborg. Delteke på fest for frivillige medarbeidarar i kyrkjelyden.



Tokke. Ansvar for Askeondagsmessa på Tangane på Dalen, Fire stabsmøte ansvarleg for

Kirkens Nødhjelp - aksjonen i Eidsborg/Mo/Skafså. Leia 3 gravferder. Leia

ei gruppe for pårørande til demente kalla Kvileplassen (4 samlingar med 11

deltakar) frivilligsentralen. Medlem av redaksjonen i Kyrkjelyden. Saman

med soknepresten og

kommunale representantar

ansvarleg Rui-seminaret. Leia

markeringa av Verdsdagen for

psykisk helse på felles samling

for Tokke og Vinje i Nesland, og

temakvelden med Benjamin Silseth på

Kulturhuset. Medlem av Hus-styret for Storvegen

208. Ansvarleg for Baby- songen på Helsesenteret

(Sju samlingar), og kyrkjeskys og

tekstlesartenesta i E/M/S. Leia julegudstenesta på Kulturhuset. Medlem av Psyko-sosialt

kriseteam.



Saker og engasjement utanfor Vest- Telemark.

Leia to ABV- grupper (tverrfagleg kyrkjeleg vegleiing) i Agder og Telemark bispedøme. Delteke på tre samlingar for ABV-vegleiarar i Agder og Telemark .Delteke på biskopens tilsynsamling for diakonar Vegartun. Sist sommar hadde eg igjen ei vekes engasjement som sjukehusdiakon på Diakonhjemmet, Oslo, ein god måte å få fagutvikling. Reoppnemnd til Diakonifaglig Råd på Diakonhjemmet (2025-28). Delteke på Diakoniens Dag på Notodden og eit felles soknerådsmøte om å få til ei diakonstilling i Notodden fellesråd. Halde andakt på Føremiddagstreff i Sauherad. Medlem av Profesjon i diakoni i SPIR. Medlem av nemnda som førebudde Diakoniens Dag på Diakonhjemmet, Oslo. Medlem av Brukarutvalet for NAV Vestfold og Telemark. Delteke på temakveld på Gråtenmoen Bydelshus om sektar. Vore med panelsamtale på Bok og Blues -huset på Notodden om filmen «Håp». Fortalt om Vandring For Forandring for sorggruppeleiarar i Kristiansand kyrkjelege fellesråd. Vore med på MURT (Meistring, ungdom, rus og trafikk) i regi av Trygg Trafikk i Telemark.(Fem møter.) Det står att å sjå om ein får vidare finansiering.

Takk til gode samarbeidspartar. I kyrkje og kommunar. Til KVITO og DPS i Seljord.

Til alle gode medarbeidarar i sokneråd og diakoniutval, prestane, kyrkjevevjene og friviljuge på mange nivå.

Takk til styret (bilde under) for samarbeidet i 2025, og til dageleg leiar kyrkjevevje Bjørnar Christensen og styreleiar i Diakonatot Asgeir Sele

Eilev Erikstein, prostidiakon i Vest- Telemark (91 11 35 80)

Dalen 31.12.25





Gjennom mine trettifem år som diakon har møtt mange diakonar , både vigsla og uvigsla, men felles nemnaren er dedikerte.

No på slutten av mitt arbeidsliv ser eg system og strukturar som kan gjera det mindre attraktivt å bli diakon?

Slikt kan det bli Vårt Land oppslag av. (VL 3.01.25)

Årets samanslåinga av Presteforeinga. (PF), Diakonforbundet(DNDF) og

Kirkelig Undervisningsforbund gjev oss eit godt høve til samordning og likestilling av de ulike faggruppene.

Med det nye dataverktøyet Kirka vår blir det viktig at det faglege har høg standard. Her ser det ut til å det vert mykje teljing av eple og pærer, og då kan det faglege bli skadelidande. Utdanna folk kostar, også innan diakonien. Det får bli nest siste ord i denne rapporten.

Men heilt til sist. **Hald meg fast!**

Ingvar Ambjørnsen(1956-2025) døydd i sommar. Ein mann som ingen annan forfattar eg veit om makta å gje folk nye sjansar, og som skreiv om det vakre i nederlag, tap og skam, og om menneskeleg verdi midt i det vanskelege. I Dronninga sover frå 2000 står dette;

Jeg befinner meg selv i en lenestol med en drink i hånden og en sovende katt på fanget. – og med en intens opplevelse av ydmykhet. Av takknemmelighet overfor det livet som tross alt har blitt meg til del, og av ydmykhet overfor alt levende jeg møter. Katten, min kone, Postbudet og søppelmennene. Trærne i hagen. Ofte og oftere snakker jeg med Gud. Jeg pludrer med Gud som en gammel venn. Jeg forteller ham om magesmertene mine, om morgenangsten. Om ting jeg leser i avisen. Men når jeg ber er det en enkel bønn. Den bønningen går slik: Hold meg fast.

Som gamal diakon, heilt på tampen av mitt yrkesliv, ber eg med Ambjørnsen; Hald meg fast!